

# MINERALNOTATER

Ved hjelp av røntgen på Geologisk Museum har eg identifisert nokre mineral som sikkert fleire har spekulert på:

Frå Tveidalen:

Det kvite belegget som ofte finst på molybdenglans gav film som WULFENITT. Grønleg, glitrande mineral på molybdenglans, var POWELLITT. Dei små brune kulene som ofte ligg i druserom synte seg å vera ÆGIRIN.

Frå Langangen:

Ein sterkt oransje zeolitt var THOMSONITT. Eit skittengrønt, splintrete mineral som låg nær zeolittar var ANDRADITT.

Frå Hørtekollen:

I drusene med helvin ligg det også kvite matter, desse gav film som HEMIMORFITT.

Frå Kløvereidnut, Bandak:

I holrom etter utvitra kopparkis i kvarts, er det avsett bleik-gule mikroxls i tynne matter. Desse var GED. SVOVEL.

Frå Sulitjelma:

Eit radiert, kvitt mineral, av og til massivt, var OKENITT.

Frå Visdalens, Lom:

På steintreffen våren -77 fann vi på bergveggen ut mot elvefaret ca. 300m oppstraums Grotåas utros i Visa eit rosa utfellingsmineral i små xls. Dette viste seg å vera GIPS (!) Det blå-grøne kopparmineralet gav LEIGHTONITT, tidlegare berre påvist i Noreg frå klebberbrotet litt lengre nede av John Brommeland. Det skarpt grøne mineralet frå same lokalitetar er tidlegare bestemt av G. Raade som ATACAMITT.

Frå Ytre Leirdalen, Lom:

Eva Dalane fann i -75 ein grøn Stein i elvefaret ved Ytterdalseter. Denne inneholdt gedigent koppar, chrysocolla, - og - første gong bestemt i Noreg: TENORITT.

Hausten -76 fann Nielsen frå Gjøvik Geologiforening eit par stuffar til ved Hurra. Desse inneholdt også ein del CUPRITT + 2 uidentifiserte mineral.

Torgeir T. Garmo.